

# **MEDLEMSMØTE/ÅRSMØTE 2024**

## **Osterøy IL Friidrettsgruppa**

**Tysdag 05. mars 2024 klokka 18.00 – Klubbhuset ved Osterøy stadion**

### **Desse møtte:**

Bjarte Vik, Herdis Helle, Jonas Lillejord, Tore Hannisdal, Tore Langeland, Marianne Feidje Mjelde, Åse Bergheim, Bjarte Lohne, Arne Reigstad, Herdis Helle, Mats-Erik Elvik, Karl Johan Reigstad

### **Sakliste**

#### **SAKNR SAK**

#### **1/2024 Godkjenning av innkalling og sakliste**

Bjarte V, Herdis H, Jonas L, Tore Hannisdal, Tore L, Marianne F Mjelde, Åse B, Bjarte L, Arne R, Herdis H, Mats Elvik, Karl Johan Reigstad

#### **2/2024 Val av ordstyrar og referent**

Arne Reigstad vart vald til ordførar og Herdis Helle til referent.

#### **3/2024 Årsmelding 2023**

Årsmeldinga er godkjent med dei merknader som er tatt inn i meldinga.

Karl Johan Reigstad opplyste om nytt opplegg for dommarar. Det betyr at ingen dommarar formelt er godkjente lenger. Alle opererer på lisens.

Elles kom det merknad om at det er gledeleg med auka aktivitet blant dei yngste/god rekruttering.

#### **4/2024 Rekneskap 2023**

Rekneskapen godkjent.

Vi kjem til å gå med om lag kroner 150 000 i underskot. Dette var lagt opp til av årsmøtet i fjor for å auke aktivitet og rekruttering.

Renteinntekter vert fordelt mellom gruppene seinare. Det er om lag kroner 100 000 til renteinntekter som skal fordelast.

Vi har gode rentevilkår, men Tore Langeland skal undersøke om det er meir og hente.

Tore Langeland gjorde greie for nytt rekneskapssystem i OIL. Bankkonto kjem til å forsvinne frå gruppene sin balanse.

## **5/2024      Budsjett 2024**

Budsjettet vedtatt med fylgjande endringar:

Må legge til budsjettpost på 7790 (lån Fugledalen frå 2008) til 26 000, 00;\_ Justere opp 6550 Driftsmateriale med frå 15 000 til 45 000,- til innkjøp av ny stadionklokke. Auk opp post 8040 til kroner 40 000,-  
Årsmøte vedtok å budsjettere med 16 000,- i minus.  
(Vi treng ikkje årsmøtevedtak på auke av treningsavgift. Det ligg til styret).

## **6/2024      Val av nytt styre**

Valnemnda v/ Mats-Erik Elvik fekk ordet:

Fylgjande stod på val:

**Leiar:**                    Bjarte Vik (2024)  
**Kasserar:**                Ingri Mjelde Birkeland (2024-2025)  
**Styremedlem:**        Tore Hannisdal (2024-2025)  
**Styremedlem:**        Anne Lise Leiren Mastervik (2024-2025)

Samtlege hadde sagt seg villige til å halde fram og valnemnda gjorde framlegg om attval. Årsmøtet valde dei samrøystes.

### **Ikkje på val:**

**Nestleiar:**                Åse Bergheim (2023-2024)  
**Skrivar:**                 Herdis Helle (2023-2024)  
**Styremedlem:**        Marianne Feidje Mjelde (2023-2024)  
**Styremedlem:**        Jonas Lillejord (2023-2024)

## **7/2024      Ny valnemnd**

Årsmøtet valde:

Helga Reigstad (leiar), Bjarte Lohne og Mats-Eirik Elvik.

Herdis Helle - referent